

## Rabben: Tysk andel på minst 50 prosent

23.05.2012



Gjester og verter på Rabben i kveld. Grillmeister Steinar og vert Magne er bakerst og gjestene kjem frå München, Nürnberg, Bamberg, Seigendorf, Heiligenstadt og Streitberg.

**Tyskarane sin andel av omsetnaden ved Rabben Feriesenter utgjer truleg mellom 50 og 60 prosent, opplyser Magne Heggøy til uskedalen.no. Med andre ord betyr tyskarane svært mykje for den tradisjonsrike feriestaden, og tyskerandelen syner ein aukande tendens. I tillegg til reisearrangør Siggie Klemm frå Ebermannstadt som heller ikkje i år sviktar Rabben kjem det fisketuristar gjennom eit anna selskap og det kjem også mange enkeltreisande**



Steinar grillar for tyske fisketuristar også i år

I kveld et ei tyskergruppe som tradisjonen tilseier grillmat som Rabben-veteran Steinar Myklebust er meister for. Siggie er der denne veka med ei gruppe på 7 i minibuss i 8 dagar og laurdag reiser dei heim til Franken som er ein del av Bayern. Karane er godt fornøgde med fiskefangstane, dei anslår ei snittvekt på rundt 10 kilo så langt medan grensa for eksporten frå Noreg er 15 kilo.

- Det viktigaste er veret. Vi vart jo litt nervøse då det var nysnø på Haukeli, men sidan har det vore strålande, seier Siggj. Selskapet har fiska mest rundt Skorpo og Ånuglo og Otto Bernhard frå Heiligenstadt leiar den utformelle tevlinga om størst fisk med ein lyr på 65 centimeter.

Siggj kjem att med smågrupper på 7-5 gonger til denne sesongen og i august kjem han med 30 i ein stor buss. Han formidlar også mindre grupper og held i høgste grad oppe sambandet med ein partner han har hatt sidan 1983. Også mange kjem att gong på gong til Uskedalen for å fiska.

Magne Heggøy som no driv Rabben saman med familien er optimistisk framfor sesongen og det tyske innslaget har ikkje minst mykje å seia i endene av sesongen. Han er no igang med ein skikkeleg opprusting av anlegget, til dømes med innsetjing av nye dører og vindauge i dei små og gamle hyttene som ikkje lenger held mål. Det vil gjera gjestene enda meir fornøgde med opphaldet.

Tekst og foto Ola Matti Mathisen: